

"O Jul med din glede"

Jul med Gustava Kielland
Måndag 12. desember kl. 17:00-21:30



**Ei førjulsoppleveling i eit 200-års historisk spenn.
Lunt, morosamt, stemningsfullt og utan stress!
I Gustava Kielland sine fotspor. Berre på Finnøy!**

«Vi ønsker deg alle velkommen»

Gustava Kielland er mest kjent for å ha skrive «O jul med din glede» og for å ha starta den aller første misjonskvinneforeininga i Norge. Som prestefrue på Finnøy (1824-1837) sette ho og mannen Gabriel djupe spor etter seg.

«Vi vet nok hvorhen de skal drage»

Turen vår startar i mellomalderkyrkja Hesby kyrkje. Her møter me Gustava, i Svanhild Eggebø Spanne sin skikkelse, og får bli med tilbake til 1800-talet med kvardagsliv og julefeiring. Tor Øyvind Skeiseid er historieformidlar og vert, og sokneprest Gabriel Kielland dukkar også opp. Senk skuldrene og opplev ei blanding av musikk, skodespel og historieformidling framført på orginalt vis.

«Så knytter vi kjærleghets hellige bånd»

På Utsyn Misjonssenter er bordet dekket til ein flott, mettande og smakfull julebuffé. Inne på Utsyn blir det også julemusikk og julekåseri mm

«Vi klapper i hendene, vi synger og vi ler»

Tor Øyvind Skeiseid er kunnskapsrik guide og humoristisk vert frå A til Å. **Oppmøte ved Hesby kyrkje. Alle køyrer eigen bil på denne turen.**

Pris: 970 kr per person.

Påmelding til helene@ryfylkelivsgnist.no

Les meir på heimesida vår ryfylkelivsgnist.no



Tor Øyvind Skeiseid